

VEDTEKTER
FOR
SPAREBANK 1 SOGN OG FJORDANE
VEDTEKNE 3. OKTOBER 2024

KAPITEL 1. FØRETAКСNAMN, FORRETNINGSKONTOR OG FØREMÅL

§ 1 - 1 Føretaksnavn og forretningskontor

Sparebank 1 Sogn og Fjordane har forretningskontoret sitt i Sunnfjord kommune.

Sparebanken vart skipa den 1. april 1988 ved samanslåing av fleire sparebankar. Seinare er to sparebankar innfusjonert.

§ 1 - 2 Føremål

Sparebanken sitt føremål er å fremje sparing ved å ta imot innskot frå ein ubestemt krins av innskyttarar og forvalte på trygg måte den middelen banken rår over i samsvar med dei lovene som til ei kvar tid gjeld for sparebankar.

Sparebanken kan utføre alle vanlege bankforretningar og banktenester i samsvar med føresegnene i finansføretakslova og tilby investeringstenester i samsvar med verdipapirhandelleva.

KAPITEL 2. SPAREBANKEN SIN EIGENKAPITAL

§ 2 - 1 Grunnfondet

Dei opphavlege grunnfonda i dei samanslegne sparebankane er tilbakebetalte og garantiane har falle bort. Tidlegare grunnfondsbevis er innløyste og grunnfondsbevisa sletta.

Skiparane eller andre har ikkje rett til utbyte av verksemda utover eventuelt utbyte på banken sin eigardelskapital.

§ 2 - 2 Eigardelskapital.

Sparebanken har høve til å utferde omsetjelege eigenkapitalbevis.

Sparebanken sin eigardelskapital er kr 1 948 318 700,- fordelt på 19 483 187 eigenkapitalbevis pålydande kr 100,- fullt innbetalt.

KAPITEL 3. GENERALFORSAMLING

§ 3 - 1 Generalforsamling

Generalforsamlinga er den øvste styremakta i sparebanken. Generalforsamlinga skal ha 25 medlemmer og 10 varamedlemmer.

Medlemer og varamedlemer av generalforsamlinga møter personleg. Det er ikkje høve til å møte ved fullmektig eller med rådgjevar.

§ 3 - 2 Samansetting av generalforsamlinga

Generalforsamlinga vert vald av og mellom innskytarane i sparebanken, av og mellom dei tilsette og av eigarane av eigenkapitalbevis med følgjande fordeling:

	Medlemer	Varamedlemer
Valde av og mellom innskytarane, jf. § 3-4	9	4
Valde av og mellom dei tilsette, jf. § 3-5	6	2
Valde av eigenkapitalbeviseigarane, jf. § 3-6	10	4
	<u>25</u>	<u>10</u>

Dei innskytarvalde medlemene og varamedlemene skal avspegle sparebanken sin samfunnsfunksjon. I tillegg skal minst tre fjerdedelar vere personar som ikkje er tilsette i sparebanken.

Funksjonstida for medlemene av generalforsamlinga går ut når årsoppgjeret for føregåande kalenderår er endeleg behandla og nye medlemer er valde.

§ 3 - 3 Val til generalforsamlinga

Berre myndige personar kan veljast som medlemer av generalforsamlinga. Medlemer og varamedlemer vert valde til generalforsamlinga for fire år. Vala må vere haldne innan utgangen av april månad. Generalforsamlinga fastset nærmare instruks om vala.

Twistar om valet vert avgjorde av domstolane.

§ 3 - 4 Medlemer til generalforsamlinga valde av innskytarane

Dei innskytarane som har og i dei siste seks månadene har hatt eit innskot i sparebanken på minst kr 2 500,-, har stemmerett når det skal veljast medlemer til generalforsamlinga i sparebanken mellom innskytarane. Kvart kundeforhold gir ei stemme når ikkje anna følgjer av lova eller vedtektene. Den som vil nytte ein juridisk person sin stemmerett, må legge fram fullmakt frå innskytaren på den måten valnemnda bestemmer. Berre myndige personar kan stemme ved valet. Innskytarane kan stemme på kandidatar frå alle dei tre valdistrikta, likevel avgrensa til det samla tal medlemer og varamedlemer som til ei kvar tid er på val.

Innskyttarar i sparebanken med bustadadresse i eit av dei tre valdistrikta og som har og i dei siste seks månadene har hatt eit innskot i banken på minst kr 2 500,- kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga. Representantar for juridiske personar må ha bustadadresse i eit av dei tre valdistrikta. Dei innskytarane som har fått flest stemmer i sitt valdistrikt er valde, og skal vere representerte i generalforsamlinga med slik samla fordeling:

Valdistrikt	Medlemer	Varamedlemer
Valdistrikt I: Bremanger, Gloppen, Stad, Stryn og Volda kommune	2	1
Valdistrikt II: Askvoll, Fjaler, Kinn og Sunnfjord kommune	4	2
Valdistrikt III: Aurland, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Sogndal, Solund, Luster, Lærdal, Vik, Årdal og Bergen kommune	3	1
	9	4

Av dei innskytarvalde medlemene, som er valde ved det første valet, går etter lottdraging tre medlemer og ein varamedlem ut kvart av dei tre neste åra. Valnemnda utfører lottdraginga. Deretter går kvart år minst ein fjerdedel ut og då slik at det er dei som har gjort teneste lengst som går ut. Medlemer som går ut kan attveljast.

§ 3 - 5 Medlemer til generalforsamlinga valde av dei tilsette

Dei tilsette i sparebanken har rett til å stemme når det skal veljast medlemer mellom dei tilsette til generalforsamlinga i sparebanken.

Dei tilsette i sparebanken kan veljast som medlem eller varamedlem til generalforsamlinga i sparebanken som representantar for dei tilsette.

Av dei tilsette medlemene, som er valde ved det første valet, går etter lottdraging to medlemer og ein varamedlem ut kvart av dei tre neste åra. Valnemnda utfører lottdraginga. Deretter går kvart år minst ein fjerdepart ut og då slik at det er dei som har gjort teneste lengst som går ut. Medlemer som går ut kan attveljast.

§ 3 - 6 Medlemer til generalforsamlinga valde av eigenkapitalbevisegarane

Eigarane av eigenkapitalbevis har stemmerett ved val av eigenkapitalbevisegarane sine medlemer til generalforsamlinga i sparebanken. Kvart eigenkapitalbevis gir èi stemme.

Av dei eigenkapitalbevisegarvalde medlemene, som er valde ved det første valet, går etter lottdraging tre medlemer og ein varamedlem ut kvart av dei tre neste åra. Valnemnda utfører lottdraginga. Deretter går kvart år minst ein fjerdepart ut og då slik at det er dei som har gjort teneste lengst som går ut. Medlemer som går ut kan attveljast.

§ 3 - 7 Innkalling til generalforsamling

Generalforsamlinga vert kalla inn av styret. Ordinær generalforsamling skal haldast seinast i mars månad kvart år.

Når dokument om saker, som skal handsamast på generalforsamlinga, er gjort tilgjengeleg på nettsidene til sparebanken, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast medlemene. Det same gjeld dokument som etter lova skal vere ein del av eller leggst ved innkallinga til generalforsamlinga. Ein medlem av generalforsamlinga kan likevel krevje å få tilsendt dokument om saker som skal handsamast på generalforsamlinga.

Medlemer som ikkje kan møte i generalforsamlinga, skal melde dette til sparebanken snarast råd og seinast fem dagar før møtet. Varamedlemer skal kallast inn dersom ordinære medlemer melder forfall.

§ 3 - 8 Møte og vedtak i generalforsamlinga

Kvart medlem av generalforsamlinga har òg stemme.

Dersom dei eigenkapitalbevisegarvalde medlemene utgjer meir enn den vedtektsfastsette prosentdelen av det talet på røyster som er til stades på generalforsamlinga, skal røystetyngda for kvart eigenkapitalbevisegarvald medlem setjast ned med tilsvarande høvetal.

Avgjerder i generalforsamlinga vert gjorde med fleirtal av dei gjevne stemmene om ikkje anna følgjer av desse vedtektene. Dersom stemmetalet er likt, gjeld det som møteleiaren har stemt for.

§ 3 - 9 Generalforsamlinga sine oppgåver

På den ordinære generalforsamlinga skal desse sakene handsamast og avgjerast:

Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

Utgreiing om styring av verksemda.

Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.

Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).

Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i sparebanken, til leiande tilsette.

Val av leiar for generalforsamlinga for 2 år.

Val av leiar, nestleiar og dei andre medlemene og varamedlemene av styret, med unntak for medlemer og varamedlemer som vert valde av dei tilsette.

Val av medlemer og varamedlemer av valnemnda for val til generalforsamlinga.

Val av revisor.

Fastsetting av godtgjersle til tillitsvalde og revisor.

Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

Leiaren av generalforsamlinga er omfatta av reglane i finansføretakslova om kreditt til tilsette og tillitsvalde.

Vedtak om eller fullmakt til å ta opp ansvarleg lån, fondsobligasjonar eller etterstilte gjeldsinstrument vert gjort av generalforsamlinga med fleirtal som ved vedtektsendring.

Vedtak om eller fullmakt til å ta opp annan framandkapital vert gjort av styret eller i samsvar med delegasjonsvedtak frå styret.

KAPITEL 4. STYRET OG DAGLEG LEIING

§ 4 - 1 Samansetjing av styret

Styret er samansett av 5 til 7 medlemer med 2 varamedlemer som vert valde av generalforsamlinga. I tillegg vert 2 medlemer og 2 varamedlemer valde av og mellom dei tilsette.

Medlemene og varamedlemene til styret vert valde for inn til to år. Styreleiar og nestleiar vert valde særskilt av generalforsamlinga for inn til to år.

Ved det første valet er alle styremedlemer og varamedlemer på val. Tre av medlemene og ein av varamedlem, som er valde av generalforsamlinga, trer ut etter eit år ved loddraging i valnemnda. På tilsvarande måte trer ein medlem og ein varamedlem, som er valde av dei tilsette, ut. Deretter trer kvart år ut dei som har gjort teneste lengst. Medlemer som går ut kan attveljast.

§ 4 - 2 Styremøte

Leiaren kallar saman styret til møte så ofte verksemda tilseier det eller når ein styremedlem eller dagleg leiar krev det for behandling av bestemte saker.

Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er til stades eller deltek i styrehandsaminga. Til lovleg vedtak krevst at minst 4 medlemer har røysta for det. Står stemmene likt, gjer leiar eller møtestyrar si stemme utslaget.

Møteboka til styret skal underskrivast av dei medlemene som har teke del i styrebehandlinga. Dersom avgjerd er teke i møte, kan styret velje to medlemer til å underteikne protokollen. I sistnemnde tilfelle skal utskrift sendast alle styremedlemer med frist for merknader, som i tilfelle kan krevjast inntekne i protokollen. Styremedlemene står saman om ansvaret for vedtaket, dersom ikkje nokon av dei har ført sin protest inn i møteboka. Dersom dagleg leiar er usamd i ei avgjerd, kan også han krevje sitt standpunkt innført i protokollen. Medlemer som har vore borte frå styremøte, skal gjera seg kjende med vedtaka i møte dei ikkje har vore med på.

§ 4 - 3 Styret sine oppgåver, tilsynsansvar og sakshandsaming

Styret står føre forvaltninga av sparebanken. Styret skal syte for forsvarleg organisering av verksemda, medrekna sjå til at krav til organisering av sparebanken og etablering av forsvarlege styrings- og kontrollsystem vert etterlevd.

Styret skal fastsette planar og budsjett for sparebanken si verksemd. Styret skal også fastsette retningslinjer for verksemda, medrekna reglar om teieplikt for opplysningar om sparebanken og sparebanken si verksemd.

Styret skal halde seg orientert om sparebanken si økonomiske stilling og plikter, og sjå til at verksemd, rekneskap og formueforvaltning vert kontrollert på trygg måte.

Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og sparebanken sin verksemd elles. Styret skal fastsette instruks for den daglege leiinga, og syte for at dagleg leiar regelmessig orienterer styret om sparebanken si verksemd, stilling og resultatutvikling.

Styret set i verk dei undersøkingar det finn nødvendig for å kunne gjere oppgåvene sine. Styret skal sette i gang slike undersøkingar dersom dette vert kravd av eitt eller fleire styremedlemer.

Reglane om styret sine oppgåver og sakshandsaming i allmennaksjelova gjeld tilsvarande så langt det følgjer av finansføretakslova.

§ 4 - 4 Revisjonsutval

Sparebanken skal ha eit revisjonsutval som skal veljast av og mellom styret sine medlemmer. Berre styremedlemer som ikkje tek del i den faktiske leiinga av sparebanken, kan vere medlem av revisjonsutvalet.

Revisjonsutvalet skal samla ha den kompetanse som er nødvendig ut frå sparebanken sin organisasjon og verksemd. Minst ein av medlemene skal ikkje vere tilsett i banken eller føretak i same konsern og skal ha kvalifikasjonar innan rekneskap eller revisjon.

Revisjonsutvalet skal vere eit førebuande og rådgjevande utval for styret.

Revisjonsutvalet skal:

Informere styret om resultatet av den lovfesta revisjonen og forklare korleis revisjonen bidrog til regnskapsrapportering med integritet og revisjonsutvalet si rolle i den prosessen.

Førebu styret si oppfølging av prosessen for rekneskapsrapportering og kome med anbefalingar eller forslag for å sikre integriteten til prosessen.

Vedkommande føretakets rekneskapsrapportering, overvake systema for intern kontroll, risikostyring og sparebanken sin internrevisjon utan å bryte med revisjonsutvalet si uavhengige rolle.

Ha løpande kontakt med sparebanken sin valde revisor om revisjon av årsrekneskapen.

Vurdere og overvake revisor si uavhengigheit og objektivitet, medrekna særleg i kva grad andre tenester enn revisjon, som er leverte av revisor, utgjer ein trussel mot revisor si uavhengigheit og objektivitet.

Ha ansvaret for å førebu sparebanken sitt val av val av revisor og gi si anbefaling.

§ 4 - 5 Risikoutval

Sparebanken skal ha eit risikoutval som skal veljast av og mellom styret sine medlemmer. Berre styremedlemer som ikkje tek del i den faktiske leiinga av sparebanken, kan vere medlem av risikoutvalet.

Risikoutvalet skal samla ha den kompetanse som er nødvendig ut frå sparebanken sin organisasjon og verksemd.

Risikoutvalet skal vere eit førebuande og rådgjevande utval for styret. Risikoutvalet skal førebu styret si vurdering av:

Einskildrisikoar og samla risiko til ei kvar tid.

Om sparebanken sin ansvarlege kapital er forsvarleg ut frå risikoen og omfanget av verksemda.

Om sparebanken sine styrings- og kontrollordningar er tilpassa risikonivå og omfanget av verksemda.

§ 4 - 6 Godtgjersleutval

Sparebanken skal ha eit godtgjersleutval som skal veljast av og mellom styret sine medlemmer.

Godtgjersleutvalet skal vere eit førebuande og rådgjevande utval for styret.

Godtgjersleutvalet skal på fritt grunnlag vurdere sparebanken si godtgjersleordning, og førebu alle saker vedkommande godtgjersleordninga som skal handsamast av styret.

§ 4 - 7 Dagleg leiing.

Sparebanken skal ha ein dagleg leiar. Den daglege leiaren vert tilsett av styret.

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av sparebanken si verksemd og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret har gitt.

Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda i sparebanken er uvanlege eller av stor betydning. Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i det einstilte tilfellet eller når det ikkje let seg gjere å vente på styret si avgjerd utan vesentleg ulempe for sparebanken. Styret skal snarast orienterast om avgjerda.

Dagleg leiar skal syte for at sparebanken har tilsette som samla har kvalifikasjonar og erfaring som trengst for at verksemda i sparebanken vert drive på ein forsvarleg måte, og at det vert etablert forsvarlege styrings- og kontrollsystem. Dagleg leiar skal syte for at det vert fastsett instruksar for dei tilsette sine arbeidsoppgåver og ansvar, medrekna rapporterings- og sakshandsamingsreglar.

Dagleg leiar skal syte for at sparebanken sine rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av aktiva og risikostyring er ordna på ein trygg måte. Dagleg leiar skal minst kvar månad, i møte eller skriftleg, gi styret orientering om sparebanken sin verksemd, stilling og resultatutvikling.

Reglane om dagleg leiar sine oppgåver og sakshandsaming i allmennaksjelova gjeld tilsvarande så langt det følgjer av finansføretakslova.

§ 4 - 8 Sparebanken sin representasjon

Styreleiaren eller dagleg leiar eller to av styremedlemene i fellesskap representerer sparebanken og bind den ved si underskrift. Styret kan tildele prokura.

KAPITEL 5. VALNEMNDER.

§ 5 - 1 Valnemnd for innskytarane og generalforsamlinga sine val

Generalforsamlinga vel ei valnemnd med 3 medlemmer og 3 varamedlemmer. Valet gjeld for to år om gongen.

Valnemnda skal ha 1 representant for dei innskytarvalde, 1 for dei tilsettevalde og 1 for dei eigenkapitalbevisigarvalde. Av varamedlemene skal det vere 1 frå kvar av desse gruppene.

Ved det første valet er alle medlemmer og varamedlemmer på val. Ein medlem og ein varamedlem trer kvart av dei to neste åra ut etter loddraging i valnemnda. Deretter trer dei ut som har gjort teneste lengst. Medlemmer som går ut kan attveljast.

§ 5 - 2 Arbeidet i valnemnda for innskytarane og generalforsamlinga sine val

Valnemnda skal førebu val av medlemmer til generalforsamlinga valde av innskytarane, leiar av generalforsamlinga, leiar, nestleiar og dei andre medlemene og varamedlemene av styret utanom representantane for dei tilsette, medlemene og varamedlemene til valnemnda. Valnemnda skal i sitt arbeid ta geografiske omsyn slik at dei kommunane der banken har verksemda si så langt det let seg gjere vert representerte.

Valnemnda si tilråding skal grunngjevast.

§ 5 - 3 Valnemnd for eigenkapitalbeviseigarane sine val.

Dei medlemene av generalforsamlinga, som er valde av eigenkapitalbeviseigarane, vel ei valnemnd. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 3 varamedlemer. Vedtektene § 5-1 gjeld tilsvarande med omsyn til valperiode og funksjonstid.

§ 5 - 4 Arbeidet i valnemnda for eigenkapitalbeviseigarane sine val

Valnemnda skal førebu eigenkapitalbeviseigarane sitt val av generalforsamlingsmedlemer med varamedlemer, og val av medlemmer og varamedlemer til valnemnda for eigenkapitalbeviseigarane sitt val.

Valnemnda si tilråding skal grunngjevast.

KAPITEL 6. TENESTETID FOR TILLITSVALD

§ 6 - 1 Lengste funksjonstid for tillitsvalde.

Ein vald medlem av eller leiar for generalforsamlinga eller styret kan ikkje ha tillitsvervet i eit samanhengande tidsrom lenger enn 12 år (styreleiar er ikkje same verv som medlem av same organ) eller ha desse tillitsverva i eit lenger samla tidsrom enn 16 år. Ein person kan ikkje veljast eller attveljast til eit av desse verva dersom han på grunn av føresegna i førre punktet ikkje kan sitje valperioden ut.

KAPITEL 7. BRUK AV OVERSKOT OG INNDEKNING AV UNDERSKOT

§ 7 - 1 Bruk av overskot.

Årsoverskotet og utbytemidlane vert fordelte mellom grunnfondet til sparebanken og eigardelskapitalen. Utbytemidlar kan nyttast til utbyte på eigardelskapitalen, gåver til allmenntytte føremål, eller dei kan overførast til gåvefond eller overførast til stiftingar med allmenntyttig føremål.

§ 7 - 2 Inndekking av underskot

Underskot etter resultatrekneskapen for siste rekneskapsår skal ein først prøve å dekkje med høvesvis overføring frå grunnfondskapitalen, irekna gåvefondet, og den eigardelskapitalen som overstig vedtektsfesta eigardelskapital, irekna utjammingsfondet. Underskot som ikkje vert dekt slik, skal dekkjast med høvesvise overføringar frå overkursfondet og kompensasjonsfondet. Underskot ut over dette skal dekkjast med nedsetting av vedtektsfesta eigardelskapital og eventuelt med nedsetjing av annan kapital.

KAPITEL 8. SÆRLEGE RETTAR FOR EIGARANE AV EIGARKAPITALBEVIS

§ 8 - 1 Særlege rettar for eigarane av eigenkapitalbevis

I tillegg til fleirtal som for vedtektsendingar i generalforsamlinga, krevst det minst 2/3-dels fleirtal av dei stemmene som vert gitt av medlemene som er valde av eigenkapitalbeviseigarane. Dette gjeld følgjande saker:

- Erverv av egne eigenkapitalbevis (ffl. § 10-5)
- Nedsetting av eigardelskapitalen (ffl. § 10-21)
- Auke av eigardelskapitalen (ffl. § 10-22)
- Utferding av teikningsrettar (ffl. § 10-23)

Lån med rett til å krevje eigenkapitalbevis utferda (ffl.§ 10-24)
Vedtak om samanslåing eller deling (ffl. § 12-3)
Vedtak om omdanning (ffl. § 12-14)

KAPITEL 9. VEDTEKTSENDRINGAR

§ 9 - 1 Vedtektsendringar.

Endring av desse vedtektene kan vedtakast av generalforsamlinga. Avgjerd om å endre vedtektene i sparebanken krev tilslutning frå minst 2/3-deler av dei gjevne stemmene.

KAP 10. AVVIKLING

§ 10 - 1 Avgjerd om avvikling av sparebanken

Generalforsamlinga tar stilling til styret sitt forslag om avvikling av sparebanken. Vedtak om avvikling vert gjort med fleirtal som for vedtektsendringar.

§ 10 - 2 Disponering av kapitalen til sparebanken ved avvikling

Dersom sparebanken vert avvikla, skal dei overskytande midlane til sparebanken etter at alle skyldnader er dekte, overførast til ein eller fleire sparebankstiftingar.

KAP 11. IKRAFTSETTING OG OVERGANGSREGLAR

§ 11 - 1 Ikraftsetjing av vedtektene.

Desse vedtektene tek til å gjelde når dei er registrert i føretaksregisteret med nødvendig godkjenning i samsvar med finansføretakslova. Frå same tid fell tidlegare vedtekter bort.